

# Mål og retningslinjer for barnevernstenesta i Samnanger kommune

(vedtekne av kommunestyret 25.02.2021)

## Føremål:

Barnevernet har ei viktig rolle i Samnanger kommune sitt tenestetilbod til barn og unge. Barnevernet skal saman med andre kommunale tenester hjelpe til med å sikra gode og trygge oppvekstvilkår, god fysisk og psykisk helse og førebyggja at barn og unge vert utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsvanskar.

## Verkemiddel:

- Barnevernstenesta er ein del av eit samordna, tverrfagleg tenestetilbod til barn og familiar i Samnanger. Rådmannen avgjer plassering av barnevernet i kommuneorganisasjonen.
- Kommunestyret har det overordna ansvaret for tenestetilbodet og vedtek plan for det førebyggjande, tverrfaglege arbeidet. Planen gjer greie for korleis arbeidet skal avklarast og fordelast mellom dei ulike kommunale tenestene, medrekna å avklara korleis tenestene best skal samarbeida.
- Lov om barneverntenester inneheld mål, krav og tiltak som skal etterlevast. Samnanger kommune vil i tillegg ha særleg fokus på nokre overordna retningslinjer for arbeidet i barnevernstenesta.

## Overordna retningslinjer for barnevernstenesta:

### 1. MENNESKEVERD

Barn sin rett til respekt for privatlivet og familielivet sitt er det viktigaste overordna prinsippet.

Alle inngrep i den retten barn og foreldre har til privatliv og familieliv, må oppfylle kravet i menneskerettane om å følgja prinsippet om minst mogeleg inngrep. I vurderinga av om eit inngrep må gjerast, er det naudsynt å vega dette mot den belastninga det påfører den som vert utsett for inngrepet. Dette gjeld også undersøkingar på grunnlag av bekymringsmeldingar. Det er eit mål for Samnanger kommune å unngå omsorgsovertakingar så sant det finst andre forsvarlege alternativ som er til det beste for barnet. Frivillige tiltak skal difor prøvast før tvangstiltak, så sant dette er mogeleg.

Barnevernstenesta si behandling og oppfølging av born og foreldre skal alltid skje med respekt og forståing.

Foreldre som etter forsvarlege vurderingar, ikkje er i stand til å ha den daglege omsorga for barnet sitt, skal framleis sjåast som viktige personar i livet til barnet.

Ved eventuell omsorgsovertaking, skal barnet, så sant det ikkje er i strid med omsynet til prinsippet om kva som er best for barnet, få halda kontakten med søsken, besteforeldre og annan nær familie.

## 2. RETTSTRYGGLEIK

Rettstryggleiken til barn og foreldre skal alltid ivaretakast. Praksisen til barnevernstenesta må vera i samsvar med menneskerettslege forplikningar, slik desse mellom anna er presiserte i dommar frå Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) og Høgsterett i Noreg .

Det skal dokumenterast tydeleg at barnet har fått rett til å medverka, altså om barnet har fått uttala seg, kva barnet har meint, og korleis meininga til barnet er vekta og vurdert i saka.

Barnet har alltid rett til å ha med seg ein person det har tillit til, i samtaler med kommunen. Barnet kan sjølv velja kven dette skal vera.

Barnevernstenesta skal leggja til rette for samtaleprosessar som eit ledd i å søkja gode løysingar i lag med barn og familiar.

Barnevernet må kunna dokumentera alle samhandlingar eller samtaler med barn og familien til barna på ein fullgod måte. Dette kan gjerast ved journalnotat og møtereferat godkjent av deltakarane. Men lyd- eller filmopptak kan brukast når samtalanen dannar grunnlag for vidare sakshandsaming – så lenge dette er i samsvar med lovverket, og dersom ikkje barn og foreldre motset seg dette. Barnevernstenesta pliktar å opplysa om høve til opptak. Kommunen er ansvarleg for gjennomføring og lagring av opptak.

Dersom omsorgsovertaking vert vedteke, skal barnevernstenesta leggja til rette for at relasjonen mellom barn og foreldre vert best mogeleg ivareteken. Både barnet og foreldra skal ha høve til å ta del i utarbeidinga av plan for samvær. Foreldra skal følgjast opp med sikte på seinare tilbakeføring av omsorga, om dette er til det beste for barnet.

Det er eit mål å plassera barn, om mogeleg, i det trygge nettverket som dei alt måtte ha.

Når barnevernstenesta har omsorga for eit barn, skal tenesta syta for at barna har høve til å medverka i alle prosessar og planar som gjeld dei og deira framtid. Dette gjeld både fram til dei er myndige, og i åra med ettervern. Barnevernstenesta skal, i god tid før ungdommen fyller 18 år og i samarbeid med ungdommen, utarbeida ein tiltaksplan for ettervern for vedkomande. Dersom ungdommen takkar nei til ettervernstiltak, skal barnevernstenesta innan eitt år spørja om han eller ho har ombestemt seg.

## 3. TVERRFAGLEG OG FØREBYGGJANDE

Samnanger kommune skal ha eit tverrfagleg, samordna tenestetilbod samansett av mellom anna barnevernstenesta, PPT, oppvekst (skule, barnehage), helsestasjon, kommunepsykolog og Nav. Tenestetilbodet har eigne rutinar for tverrfagleg samhandling og samordning for barn og familiar som treng ulike tenestetilbod. Sakene skal kunne drøftast, saman med familien, i tverrfaglege forum, innanfor rammene som teieplikta set.

Barnevernstenesta skal gjennom det samordna tenestetilbodet arbeida med tverrfagleg og førebyggjande fokus i alle saker. Tenesta skal samarbeida med andre relevante einingar og fagpersonar i og utanfor kommunen, som til dømes politi; i dette ligg det òg å samordna ressursar og kompetanse.

Tidleg innsats er eit av dei viktigaste verkemidla for å skapa gode oppvekstvilkår for barna og eit godt barnevern. Her spelar også barnehagane og skulane i kommunen ei sentral rolle.

Familieråd eller tilsvarande bør nyttast når det er føremålstenleg og fagleg forsvarleg. Også her er medverknad frå barnet sentralt.

Kommunen skal også, når det er mogeleg og føremålstenleg, etablera samarbeid med frivillige organisasjonar og andre aktørar som kan bidra i arbeidet for barn og familiar.

#### 4. KVALITETSSIKRING

Kommunen skal sikra god kvalitet og kontroll med at oppgåvene til barnevernstenesta vert utførte i samsvar med dei krava som følgjer av lov eller i medhald av lov.

For å sikra at ein opprettheld kvalitet og kompetanse i barnevernstenesta, vil Samnanger kommune ha særleg fokus på fagutvikling og samarbeid.

Samnanger kommune skal ha eit barnevernsutval som kan gje barnevernet råd i saker som kan førebyggja at barn og unge vert utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem. Utvalet skal gje råd til i vanskelege saker. Jf. dokumentet «Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune».

Barnevernstenesta rapporterer jamleg til rådmannen. Rådmannen har ansvar for at kommunestyret får rapport frå barnevernstenesta kvart halvår.

#### 5. FINANSIERING

Finansiering av tiltak i «Mål og retningslinjer for barnevernstenesta» skal inngå i driftsbudsjett for barnevernet.